

Direktoratet for naturforvaltning
Tungasletta 2
7485 Trondheim
postmottak@dirnat.no

Oslo, 12.10.2004

Ferdigstilling av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar - høyring

Vi viser til Dykkar brev av 29.mars i år.

Norges Naturvernforbund konstaterer at situasjonen for dei ville laksestammane sett under eitt er alvorleg. Fangstane svingar frå år til år, men den langvarige nedgangen har ikkje snudd. Rapportane frå 2004 viser urovekkjande lite innsig av smålaks mange stader. Dette kan tyde på at heile årgangar er sterkt svekka.

Dei negative effektane av sur nedbør og jordbruk er mindre enn tidlegare. Gyrodactulus salaris er mindre utbreidd enn før, og mindre laks blir fiska opp. Det har vore færre nye vassdragsreguleringar enn i tidlegare tider. Det er likevel usikkert om den samla effekten av negative og menneskeskapte faktorar er mindre enn før. Det blir i år rapportert om mindre oppdrettslaks enn tidlegare i nokre elvar, etter ei tid med økonomiske vanskar og stagnasjon i oppdrettsnæringa. Rømd oppdrettslaks er likevel å sjå på som eit alvorleg trugsmål mot villaksen.

Kvaliteten av laksevernet

Forslaget frå Rieber-Mohn-utvalet var å opprette 50 laksevassdrag med tilhøyrande fjordar som nasjonale laksefjordar. I St.prp.nr. 79 (2001-2002) ”Om opprettelse av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder” gjekk regjeringa inn for eit mindre effektivt vern av fjordane. I mange tilfelle fekk berre delar av dei geografiske fjordane status som laksefjordar, og eksisterande matfiskoppdrett av laksefisk kan etter stortingsvedtaket halde fram. Norges Naturvernforbund er sterkt usamd i dette.

Dette inneber at Stortinget har vedteke eit dårlegare vern av villaksen enn det Villaksutvalet gjekk inn for mot dei trugsmåla som lakseoppdrett representerer. Vedtaket opnar òg for all anna oppdrettsverksemd. Ingen kjenner konsekvensane for økosystema eller villaksen av oppdrett av andre artar. Vi må inntil vidare sjå på nye oppdrettsformer som ein ny risikofaktor i fjordmiljøet.

Ein rimeleg konsekvens av det svakare fjordvernet er at Stortinget nå i andre omgang opprettar fleire nasjonale laksevassdrag og laksefjordar enn det som var forslaget frå Villaksutvalet. Det er ingenting ved status for laksen eller situasjonen i oppdrettsindustrien som tilseier at faren er over eller vesentleg redusert på lengre sikt. Å hindre nye oppdrettskonsesjonar i fleire fjordar kan kompensere ein del av risikoen ved at eksisterande drift får halde fram i laksefjordane.

Nye nasjonale laksevassdrag

Norges Naturvernforbund støttar vurderinga frå DN om at *Bjerkreimselva*, *Lærdalselva*, *Orkla*, *Verdalselva*, *Namsen* og *Vefsna* er særleg viktige å få med i denne omgang. I tillegg meiner vi det er saklege og gode grunnar til å ta med *Nausta* i same gruppa. For dei av desse som kunne vere kontroversielle på grunn av planar om kraftutbygging – *Bjerkreimselva*, *Nausta*, *Verdalselva*, og *Vefsna* – er utbyggingsspørsmålet i det vesentlege avklara ved at regjeringa i sitt forslag til supplering av Verneplan for vassdrag har gått inn for vern av alle. *Vefsna* er rettnok ikkje med på lista i denne omgang, men her vil regjeringa komme tilbake med eit konkret verneforslag seinare. Det vil seie at regjeringa har vurdert dei samla verneverdiane til å vere større enn nytten av kraftutbygging.

Våre forslag fylkesvis

Vest-Agder

Både Mandalselva og Tovdalsvassdraget har begge stort produksjonspotensiale og er raskt på veg oppover etter kalking og andre tiltak. Begge har lange, lakseførande strekningar. Omsyn til geografisk fordeling taler for å ta med desse elvane som dei einaste nasjonale laksevassdraga mellom Vestfold og Rogaland. Sjølv om sur nedbør truleg har utrydda den opphavlege laksen i begge elvane, tilseier den generelt dårlege situasjonen for laks på Sørlandet at også restaurerte stammar får eit forsvarleg vern.

Det er små konflikhtar knytt til eit laksefjordområde mellom Lindesnes og Lillesand. Dersom det av plassmangel på lista ikkje skulle vere rom for begge vassdraga, vil Naturvernforbundet prioritere Mandalselva.

Rogaland

Bjerkreimselva har etter kalking utvikla seg til ei av dei viktigaste lakseelvane i landet, og den beste i Rogaland. Kysten utanfor er nasjonal laksefjord, og vassdraget har 80 kilometer lakseførande strekning med ein stamme som har stort utviklingspotensiale.

Suldalslågen. Stammen er kategorisert som sårbar, men med stort utviklingspotensiale og storvoksen laks. Villaksutvalet hadde Bjerkreimsvassdraget og Suldalslågen med i sitt forslag til nasjonale laksevassdrag.

Hordaland

I dette tidlegare så rike laksefylket har villaksen lidd tragisk under rømd oppdrettslaks etter lang tids vanskjøtsel av fjordane. Berre Etneelva er nasjonalt laksevassdrag frå før. Det er all grunn til å prøve å restaurere stammene i Eidfjordvassdraget og Vosso, med laksefjorlar utanfor. Forslaga til laksefjorlar er for små, fordi oppdrettsnæringa har langt igjen for å bli kvitt sin parasittiske og genetiske effekt på laksen.

Vosso var ei av dei mektigaste storlakselvane i landet. Stammen er truga, men har stort utviklingsgrunnlag når presset av sur nedbør nå minkar. Dette krev tiltak for å få ned skadane av rømd oppdrettslaks.

Sogn og Fjordane

Berre ei av dei aktuelle elvane i dette fylket er kontroversiell, Nausta. Dette er eit vassdrag heilt utan kraftutbygging, nesten utan forbygging og med ein relativt sterk laksestamme i stabil tilstand. Framtidsutsiktene for stammen er gode dersom ikkje presset på laksen aukar. Lokalt blir det lagt ned stor innsats for å samle data om laksen og å forvalte elva langsiktig. Regjeringa har gått inn for varig vern av Nausta, og Norges Naturvernforbund prioriterer denne elva i klasse med dei andre nasjonalt viktige som DN har peika på, med Førdefjorden som nasjonal laksefjord.

I tillegg bør Lærdalsvassdraget få prioritet i dette fylket.

Møre og Romsdal

Bondalselva har ein relativt sterk stamme og er verna mot kraftutbygging. Eira er det grunn til å prioritere ved sida av Bondalselva fordi Eira har ein spesielt storvoksen stamme, dersom restaureringspotensialet er realistisk.

Sør-Tøndelag

Naturvernforbundet støttar den høge prioriteten av Orkla, som ei av dei viktigaste lakseelvane i landet, og med ein stamme i robust tilstand utan utsetting av fisk. Den lovande utviklinga i Nidelva dei seinare åra i denne høgst urbane og spesielle elva tilseier vern mot skadelege inngrep.

Nord-Trøndelag

Både Verdalselva og Namsen er mektige laksevassdrag med moderat eller lite påverka stammar som i nasjonal samanheng er viktige å sikre for framtida.

Nordland

Nordland har så langt ikkje eit einaste nasjonalt laksevassdrag. Villaksutvalet prioriterte Vefsna og Saltdalselva, eit standpunkt som Naturvernforbundet støttar. Vefsna har potensiale til igjen å bli eit av dei beste laksevassdraga i landet. Etter forslaget om suppleringsplan for vassdrag må vi sjå på spørsmålet om ei stor kraftutbygging som avklara. Regjeringa går inn for vern av vassdraget, som er eit av dei største og uregulerte vassdraga så langt sør i landet.

Saltdalselva er verna mot kraftutbygging og for tida ei av dei intakte og solide elvane med både aure og laks. I tillegg prioriterer Naturvernforbundet Beiarelva og Rana på grunn av storlaksstammene og store produksjonspotensial.

Troms

Her prioriterer Naturvernforbundet Laukhelle-Lakselv som det tredje beste laksevassdraget i fylket, med ein lite påverka stamme. Elva er varig verna. Det er likevel etter vår oppfatning slik at vassdraga i Nordland bør ha prioritet framfor utviding i Troms, som frå før har tre store nasjonale laksevassdrag.

Finnmark

Kongsfjordelva må vi vurdere som ein del av det viktige lakseområdet i og rundt Aust-Finnmark. Her gjekk Villaksutvalet inn for ei stor, oppdrettsfri sone i sjøen. Dette er ikkje realisert. Å ta Kongsfjordelva og Kongsfjorden med, vil dekkje litt av dei manglane som pregar laksevernet i Finnmark. Naturvernforbundet går difor inn for denne utvidinga.

I alt inneber våre prioriterte vassdrag å etablere 57 nasjonale laksevassdrag, 20 i tillegg til dei 37 frå før. Fleire av dei 20 er ukontroversielle med tanke på kraftutbygging. Dei sju viktige elvane som vi tidlegare har framheva (Bjerkreimselva, Lærdalselva, Nausta, Orkla, Verdalselva, Namsen og Vefsna, let seg ikkje erstatte av vikarar.

Nye laksefjorðar

Norges Naturvernforbund viser her til høyringsnotatet og går inn for at fjordane som høyrer til dei nasjonale laksevassdraga som vi har gått inn for, får status som nasjonale laksefjorðar.

Dette gjeld:

- Søgne-Kristiansand
- Lindesnes-Mannefjorden
- Hardangerfjorden
- Fjordane rundt Osterøy
- Førdefjorden
- Hjørundfjorden-Storfjorden-Norrdalsfjorden
- Langfjorden-Eresfjorden
- Vefsnfjorden
- Ranafjorden
- Beiarfjorden
- Skjerstadjfjorden
- Solbergfjorden-Gisundet
- Kongsfjorden

Med venleg helsing
Norges Naturvernforbund

Erik Solheim
leiar